

Kulturdepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 Oslo



**EKSTREM
SPORT
VEKO**

08.04.2021

Høringsinnspeil - utkast til forskrift om midlertidig kompensasjonsordning for avlyste, stengte eller nedskalerte kulturarrangementer i perioden 1. januar til 30. juni 2021 som følge av covid-19-utbruddet

Ekstrem sportveko

Ekstrem sportveko er verdas største ekstrem sportfestival. Festivalen vart etablert av fire ekstrem sportsklubbar på Voss i 1998 med organisasjonen Stiftinga Ekstreme Voss. Overskotet frå stiftinga går til å utvikle «Veko» i tillegg til å jobbe med velgjerande mål innanfor kultur, idrett, reiseliv og tryggleik & risikostyring. Forutan om å ha verdskjende sportskonkurransar, er Veko også eit utstillingsvindauge for norsk kunst og kultur til eit stort utanlandsk publikum.

Utfordringa med kompensasjonsordninga (og andre ordningar)

Ekstrem sportveko fungerer som ein paraply for mange idrettar, aktivitetar og ikkje minst mennesker. Når idrettar og mennesker ikkje har funne andre arenaer å utfolde seg på, har dei brukt engasjementet sitt i Ekstrem sportveko til å drive med sine hobbyar. I mange år har også Veko vore ein stad for personar som har blitt ekskludert andre stadar i samfunnet. Det vere seg personar med funksjonshemningar- og nedsettingar, einsame eldre eller innvandrarar og tidlegare kriminelle og narkomane som har fått tilrettelagt arbeid for å bli integrert i samfunnet. Det er også foto- og filmprodusentar, dansarar, akrobatar, kunstnarar og andre artistar som har fått utfolde seg med sine prosjekt på Ekstrem sportveko.

Dessverre er dette også ein måte å ekskludere seg frå offentlege tilskotsordningar og i denne omgang er vi redd; kompensasjonsordninga. Å vere ein «hybridfestival» har gjort at vi ofte ikkje er 100 prosent verken kultur eller toppidrett.

Rundt nyåret kom det ei stimuleringsordning gjennom Innovasjon Norge for event og reiselivet. Denne skulle stimulere til nyskaping innanfor desse to bransjene. Denne ordninga passa perfekt for Ekstrem sportveko som har planar om å revolusjonere sports-TV verden med ein heilt ny måte å lage TV på. Tiltak som vi hadde kunne gjennomført og realisert i år. Dette ville hatt store ringverknadar for reiselivet og eventbransjen, men på eit krav rundt omsetning i eit viss tidsrom i året gjorde oss ekskluderte (vår festival har alle inntekter den eine veka om sommaren).

No har det kome ei stimuleringsordning for «arrangement av nasjonal verdi». Her er vi igjen redde for at vi «ikkje er toppidrett nok» eller at ordninga blir for smal til å treffe oss. Ekstrem sportveko er ikkje berre av nasjonal verdi, men av internasjonal verdi med verdas beste utøvarar i fleire idrettar.

Vi kunne fortsett å nemne eksempel som den kommunale ordninga, Kulturrådet og andre ordningar frå Lotteri- og Stiftelsetilsynet.

Poenget er uansett at vi opplev det kjem krav eller at dei ulike instansane vurderer Ekstrem sportveko som ikkje kvalifisert og peikar vidare til andre ordningar, heilt til der ikkje er ordningar igjen å peike på.

Kompensasjonsordninga for kulturen må difor ikkje diskvalifisere ein hybridfestival som er organisert som ein frivillig stiftelse. I så tilfelle må Kulturdepartementet sørge for at slike arrangement blir prioritert i andre ordningar – og ikkje minst, følge opp dette!

I statsbudsjettet for 2021, blei det lagt inn ein merknad om at Ekstrem sportveko skulle bli prioritert i nasjonale kompensasjonsordningar. Men vi fryktar at vi går ut 2021 utan å få noko kompensert og at stiftinga går tom for eigenkapital og blir tvunge til å legge ned.

Dette vil bety slutten på verdas største ekstrem sportfestival og sannsynlegvis posisjonen som verdas ekstrem sporthovudstad, Voss, i lille Norge.



Kjetil Kriken

Dagleg leiar

Ekstrem sportveko / Stiftinga Ekstreme Voss